



**FUSA KOMMUNE**  
**Barn, familie og velferd**

BT & Os&Fusa posten Heimesida

Løpenummer : 10/2391  
Arkivkode : FE-416, FA-F49  
Sakshandsamar : Svanhild Helland  
Direktenr. tlf. : 56580178

Dato : 15.04.2010

Vår ref.:  
Saksnr.: 10/463 - 4  
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

## UTLYSING

Ber om at følgjande vert lagt inn på heimesida, ledige stillingar.

Med helsing

Svanhild Helland  
Einingsleiar

*Fusa kommune ligg i Hordaland fylke, i distriktet Midthordland, og har ca. 3750 innbyggjarar. Frå kommunesenteret Eikelandsosen er reisetida til Bergen knapt 1 time. Kommunen har full barnehagedekning og skuletilbod som omfattar vidaregåande skule. Kommunen er kjent for sin vakre og varierte natur; frå innlandet med høge fjell og fiskevatn til fjordlandskapet med ei strandline på 137 km. Om sommaren er dette eit ettertrakta mål for båtfolket.*

Verdigrunnlaget i Fusa kommune er **ROMSLEG** - Respekt - omsorg - modig - samarbeid - løysingsorientert - engasjert - godt humør

### **Følgjande stillingar er ledige:**

#### **Ved Eining for Barn, Familie og Velferd:**

##### **100% stilling som psykolog i PP-tenesta, 1 års vikariat.**

Det er ledig 1 års vikariat som psykolog i 100% stilling ved PPT i Fusa kommune frå 21.06.10. PPT er ein del av Eining barn, Familie og Velferd og har i dag 3 heile stillingar fordelt på 4 tilsette.

PPT gjer utgreiingsarbeid, utarbeider sakkunnige vurderingar, inngår i tverrfagleg samarbeid og rådgjeving. PPT skal også vera støttande overfor skular og barnehagar i kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

Psykolog ved PPT har i tillegg samtalar med born og unge med lettare psykiske plager, har rettleiing for foreldre og er med på vurdering av tilvisingar til Barne- og ungdomspsykiatrien.

Fagleiaransvar er per dags dato lagt til psykologstillinga.

Det vert søkt fortrinnsvis etter psykolog, men andre med annan relevant utdanning og erfaring vert oppfordra til å søkja.

##### **100% stilling som SOSIALKONSULENT ved NAV Fusa (kommunal del)**

Det vert frå august 2010 ledig 100% vikariat i eitt år, med mogleg forlenging, som sosialkonsulent ved NAV Fusa.

Arbeidsoppgåver:

Sakshandsaming økonomisk sosialhjelp og økonomisk råd og rettleiing.  
Husband ansvarleg (sakshandsaming i samband med bustonad og bustadtilskot).  
Sakshandsaming ved tildeling og oppfølging av personar på Kvalifiseringsprogram.  
Sakshandsaming ved tildeling av kommunale bustader/omsorgsbustader.  
Hjelpetiltak, oppfølging og henvisning til spesialisert behandling for rusmisbrukere.

Mottak/ekspedisjon i NAV kontoret .

Det er ynskjeleg at søkjarar har utdanning som sosionom.

Ta kontakt med einingsleiar Svanhild Helland, tlf. 56580178, for nærare opplysningar.

***Der ikkje anna er oppgitt gjeld følgjande:***

- *personlege eigenskapar vert vektlagd*
- *tilsetjing på vanlege kommunale vilkår, etter gjeldande reglement, lov- og avtaleverk*
- *du vert tilsett i Fusa kommune med arbeidsstad for tida i den eininga som går fram av utlysingsteksten*
- *gyldig politiattest vert kravd etter gjeldande retningslinjer i arbeid med born og psykisk utviklingshemma*
- *arbeidsområde, oppmøtestad m.m. kan verta endra*
- *vikariat og engasjement kan verta forlenga og i nokre tilfelle verta faste.*
- *arbeidstakarar må ha førarkort og disponera bil*
- *for tenestereiser arbeidstakar føretek for arbeidsgjevar, gjeld til ei kvar tid det kommunale reiseregulativ sine føresegner og satsar*
- *ein kan kombinera stillingar der tilhøva ligg til rette for det, etter vurdering frå arbeidsgjevar*
- *stillinga kan verta delt opp etter vurdering frå arbeidsgjevar*
- *ved intern tilsetjing, kan det verta ledig anna fast stilling, vikariat eller engasjement i Fusa kommune. Dersom du er søkjar til ei slik stilling, må det gå fram av søknaden din. Det kan også verta ledige vikariat og vi treng tilkallingsvikarar i kommunen.*

Søknad med CV skal skrivast på kommunen sitt søknadsskjema som du finn her på heimesida [www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no) <<http://www.fusa.kommune.no>> under [Søknadsskjema](#) eller du kan få det ved å ta kontakt med KommuneNet, tlf. 56580100. Det må gå fram av søknaden kva stilling du søker på.

Søknad, vedlagt kopi av attestar og vitnemål, skal sendast

Fusa kommune, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen.

Vi ber og om at søknaden vert sendt elektronisk til: [postkasse@fusa.kommune.no](mailto:postkasse@fusa.kommune.no)

**Søknadsfrist: 03.05.10**

